



Til Strategisk samarbeidsutval (SSU)

## Forslag til revidert samarbeidsavtale for perioden 2025 - 2029.

### Innleiing

Vi viser til høyringsbrev av 4.3.2024 om forslag til endringar i samarbeidsavtale mellom Helse Møre og Romsdal og kommunane i fylket. Forhandlingsutvalet legg med dette fram forslag til ny avtaletekst, der anbefalinga er at SSU anbefaler at kommunane og helseføretak godkjenner avtalen.

### Sakens bakgrunn

Helse- og omsorgstenestelova §§ [6-1](#), [6-2](#) og spesialisthelsetenestelova [§ 2-1 e\)](#) krev at helseføretak og kommunar inngår samarbeidsavtalar. Denne lovpålagde plikta kom som følgje av samhandlingsreforma i 2012. Formålet er at pasientar og brukarar skal oppleve eit heilskapleg tilbod av helse- og omsorgstenester.

I 2019 inngjekk dåverande regjering og KS [avtale](#) om etablering av 19 helsefellesskap. Formålet med dette var å forsterke samarbeidet ytterlegare. I helsefellesskapa skal representantar frå helseføretak, kommunar, fastlegar og brukarar møtast for å planlegg og utvikle tenestene saman. Samarbeidsavtalar mellom helseføretak og kommunar skal mellom anna skildre samarbeidsstrukturen, og vidare kvar og korleis planlegging og utvikling av helsetenestene skal skje.

Sidan samhandlingsreforma kom har helseføretaket og kommunane i Møre og Romsdal hatt 3 samarbeidsavtaler; 2012, 2015 og sist 2021- avtalen. Gjeldande samarbeidsavtale mellom helseføretaket og kommunane i fylket har avtalt verknad frå 1.1.2021 og fram til 31.12.2024. I samsvar med samarbeidsavtalen pkt. 10 skal avtalen reviderast minst kvart fjerde år. Revisjonsarbeidet har vore delegert til forhandlingsutval samansett av utnemnde personar frå helseføretaket og kommunane i Møre og Romsdal.

Forhandlingsutvalet har jobba ut frå [mandat](#) vedtatt i SSU 18.01.23 samtidig som ein har sett til [ny rettleiar](#) for samarbeidsavtalar mellom helseføretak og kommunar, utgitt av Helsedirektoratet i 2022/23.

[Referat](#) frå møta i forhandlingsutvalet er tilgjengelege på helseføretaket sine nettsider. Følgande personar har delteke i forhandlingsutvalet på vegne av partane:

Namn	Tittel
<a href="#">Helse Møre og Romsdal</a>	
Kjetil Lundberg	HR-direktør, HMR HF

Jan Rino Austdal	Advokat/personvernombod, HMR
Eli Otterlei	Samhandlingssjef HMR
Trude G. Solenes	Kvalitetsrådgjevar Klinikkleiing og Stab SNR
Perny Oksnes (vara)	Avdelingssjef, sykehuspsykiatri Sunnmøre
<i>Regionråd kommune</i>	
Kjetil Leirbekk	Assisterande kommunedirektør, Averøy kommune (NIPR)
Cato Innerdal	Kommuneoverlege, Molde kommune (ROR)
Guri Hasund Reiten	Advokat, Kommuneadvokaten i Ålesund (SR)
Ragnhild Aarflot Kalland	Leiar forvaltningskontor, Volda kommune (SR)
Jan Morten Dale (vara)	Kommunalsjef, Hustadvika kommune
<i>Leiar for praksiskonsulentordninga</i>	
Stian Endresen	Leiar for praksiskonsulentordninga
<i>Leiar av forhandlingsutvalet</i>	
<i>Brukarrepresentantar</i>	
Paula Næss Skaar	Brukarutvalet HMR HF
Eilin Reinaas	Brukarrepresentant kommune
<i>KS</i>	
Marianne Stokkereit Aasen	Kommunedirektør i Molde kommune

<i>Sekretariat</i>	
Oddvar Marøy	Samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre, Stab helse og omsorg
Karethe Kristoffersen Aam	Rådgjevar HMR Samhandlingsseksjonen

Det har vorte gjennomført høyring med frist for innspel 23. juni 2024. Det kom inn [innspel](#) frå 42 ulike interessentar, som kommunar, helseføretak og brukarorganisasjonar. Forhandlingsutvalet hadde møte den 27. og 28. august 2024, der ein gjekk gjennom alle høyringsinnspela, og på den bakgrunn gjorde vurderingar og justeringar i høyringsutkastet for revidert samarbeidsavtale. Forhandlingsutvalet legg med dette fram forslag til ny avtaletekst.

## Vesentlege endringar og merknader til forslaget:

### Forma på avtalen

1. Målforma i ny avtale er endra frå bokmål til nynorsk, i samsvar med vedtak i SSU sak 41/2022 16.11.22.
2. I utkastet har delavtalane fått ein likare struktur, hovudsakleg ei kortare og meir konsis form på delavtalane. Ein del føresegner som berre er til rein informasjon er teken ut, for å korte ned teksten.
3. Det er gjort nokre tilpassingar til helsedirektoratet sin [rettleiar](#) for samarbeidsavtaler i helsefellesskap, seinast oppdatert i juni 2023.
4. Helseplattformen er eit digitalt samhandlingsverktøy som førebels berre delvis er innført i fylket. Nokre kommunar har signalisert at dei ikkje ønsker å knytte seg til denne plattforma. Samarbeid om Helseplattformen er derfor ikkje særskilt regulert i denne samarbeidsavtalen, men samarbeidet er regulert i eigne avtaler og møteplassar utanfor samarbeidsavtalen sin struktur.
5. Mange av høringsinnspeila ga uttrykk for ønskje om endringar i delavtale 1, som mellom anna gjeld dei økonomiske vilkåra for utskrivingsklare pasientar. Forhandlingsutvalet har forhandla med tanke på å verte einige, men har ikkje kome fram til eit samlande forslag om nye vilkår. På grunn av aktørane sine ulike interesser rundt dei økonomiske vilkåra, har utvalet kome frem til at eksisterande delavtale 1 vert vidareført i ny avtaleperiode utan endringar. Utvalet meiner også at delavtalen bør vidareførast i den målform den er vedteken, altså på bokmål.

### Innhaldsmessige endringar

#### 1. *Hovudavtalen pkt. 5 - Partnarskapsmøte*

I partnarskapsmøte (helsefellesskapets nivå 1) vert det bl.a. foreslått at alle ordførarar i fylket vert invitert, i tillegg til Pasient- og brukarombodet, Helse Midt-Noreg, samt leiar og nestleiar i SSU. Det "utvida samarbeidsmøtet" vert endra til "samhandlingskonferanse".

#### 2. *Strategisk samarbeidsutval (SSU) og Lokale samarbeidsutval (LSU)*

Kommunane ha gitt mange og til dels sprikande tilbakemeldingar på samarbeidsstrukturen i helsefellesskapet. Dei fleste kommunane har ønska å styrke SSU, og i det høve ville nokre opplyse dei lokale samarbeidsutvala (LSU). Andre kommunar vil behalde dei lokale samarbeidsutvala fordi ein opplev at det er i LSU ein er nærmast på samarbeid om dei pasientnære prosessane, og ein ynskjer ikkje å

risikere at mange lokale og vel fungerande samarbeidstiltak skal stanse.

Forhandlingsutvalet har derfor foreslått å behalde LSU i samarbeidsstrukturen.

Det vert foreslått å redusere talet på lokale samarbeidsutval (LSU) frå fire til tre. Som følge av samanslåing av Kristiansund og Molde sjukehus til Sjukehuset Nordmøre og Romsdal (SNR) er det foreslått ei samanslåing av LSUane til det nye sjukehusområdet. For å sikre tettare samarbeid mellom LSU Volda og Ålesund er det foreslått at det vert gjennomført minst eitt årleg fellesmøte. LSUane blir også flytta til nivå 2 (administrativt nivå) i organisasjonskartet over helsefellesskapet, då nivå 3 (faglege samarbeidsutval – FSU) er for dei kliniske fagfolka. LSU skal i hovudsak behandle saker som gjeld det enkelte opptaksområdet for sjukehus, mens SSU handsamar fylkesovergripande saker.

### 3. *Faglege samarbeidsutval (FSU)*

Faglege samarbeidsutval blir foreslått redusert frå 12 til 6 utval. I høyringa har mange kommunar gitt innspel om å ytterlegare redusere talet på utval, og spesielt knytte desse opp mot dei fire prioriterte pasientgruppene. Det er også fleire som ønsker å fjerne heilt dei faglege utvala og berre opprette faglege utval ad hoc ved behov. Forhandlingsutvalet har likevel konkludert med at det bør vere 6 faglege utval som var forslaget i høyringsutkastet. Bakgrunnen for forslaget er å minske ressursbruk knytt til møteverksemrd, samtidig som utvala som vert vidareført får eit noko utvida og tydelegare ansvar. Fleire utval har sjølv gitt uttrykk for at dei ikkje har fungert så godt, og nokre fagutval er i praksis erstatta av samhandling i andre fora utanfor denne strukturen.

Når det gjeld førebygging og helsefremming, rehabilitering og vaksenhabilitering så er dette viktige fagområde som bør få fokus i fagutvala som vert vidareført, der det er relevant. Forhandlingsutvalet ser det som formålstenleg at det vert jobba meir spesifikt med desse fagområda for dei prioriterte pasientgruppene i alle utvala. Til dømes vil rehabilitering i eit pasientforløp sjå svært annleis ut for ein pasient med rusproblematikk enn for skrøpelege eldre og ein vil jobbe annleis med førebygging og helsefremming for barn og unge enn for den kronisk multisjuke.

Følgande fagutval er derfor foreslått vidareført i komande avtaleperiode:

- FSU for barn og unge
- FSU for psykisk helse og rus
- FSU for kronisk multisjuke og skrøpelege eldre
- FSU for svangerskap, fødsel og barselomsorg
- FSU for behandlarsamarbeid og samarbeidsordning for spesialisthelsetenesta og fastlegane (samanslåing av to utval)
- FSU for akuttmedisinsk kjede og helseberedskap (samanslåing av to utval)

Desse faglege samarbeidsutvala er foreslått nedlagt;

- FSU for rehabilitering,

- FSU for vaksenhabilitering,
- FSU for kunnskapsoverføring, forsking og utdanning,
- FSU for digitale helsetenester og eHelse
- FSU for helsefremmande og førebyggande helsearbeid.

Det vert i avtalen presisert at andre faglege samarbeidsutval kan etablerast av SSU ved behov, slik at ein kan tilpasse strukturen til endra behov.

Oppgåvene til dei ulike utvala er forsøkt gjort tydelegare, slik at det vert enklare for utvalet å forstå kva som er forventa av utvalet, og kven dei skal rapportere til.

4. Lokal tvisteløysingsnemnd er foreslått fjerna frå hovudavtalen pkt. 8.2. Utkastet legg opp til at tvistar om samarbeidsavtalen løysast gjennom dialog og forhandlingar mellom partane, eller alternativt gjennom avgjerd hos nasjonal tvisteløysingsnemnd for helsesektoren. Ei lokal nemnd blir rekna som overflødig og forsinkande for avklaring av eventuelle tvistar.
5. Ein har i delavtale 6 gjort ei presisering av kva for sjukehuslegar som kan tilvise og legge inn på kommunale KAD/ØHD plassar.

Oversikta over er ikkje ei uttømmande liste over alle forslag til endringar.

Alle partar vert oppmoda til å lese samarbeidsavtalen i si heilheit før vedtaking.

Ny samarbeidsavtale med verknad frå 1.1.2025 føreset godkjenning i kommunestyra og styret for helseføretaket hausten 2024. Det er ønskeleg at SSU vurderer vedlagte utkast til ny avtale og gir innstilling på at avtalepartane godtek avtalen.

**Innstilling:**

Forhandlingsutvalet tilrår at SSU gjer følgjande vedtak:

**Strategisk samarbeidsutval for Helsefellesskapet i Møre og Romsdal tilrår at kommunane og helseføretaket i Møre og Romsdal godkjenner forslag til ny samarbeidsavtale med verknad frå 1.1.2025.**

Med venleg helsing

Stian Endresen  
leiar av forhandlingsutvalet

**Vedlegg:**  
*Utkast til ny samarbeidsavtale frå 1.1.2025*

